

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2015	Formannskapet i Radøy	PS	19.02.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lin Tove Thomassen	14/3359	15/1546

Søknad om bruk av kommunevåpen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barfot Media får ikkje løyve til å nytta Radøy sitt kommunevåpen i produksjon av pathtags.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Barfot Media har i brev datert 9.desember søkt kommunane om å nytta Radøy sitt kommunevåpen i produksjon av pathtags. Målet er å lage pathtags med kommunevåpenet frå heile landet. Dei planlegg å ha ein utsalsstad p.r. kommune.

Ein pathtag er ein mynt med same storleik som ein 10 kroning, med kommunevåpenet på den eine sida. På baksida står ein kode slik at samlarar kan registrere mynten på internett.

Barfot media ønskjer å bidra til marknadsføring av det lokale reiselivet og er avhengig av at dei fleste kommunane er positive til søknaden.

Kommunevåpenet og flagg er primært kjenneteikn og symbol for utøving av offentleg mynde, og det er kommunestyret som vedtek bruksreglane. Kommunen har einerett til å bruka våpenet og ingen andre enn kommunen kan bruka våpenet som sine eigne merke eller for å kjenneteikna seg eller verksemda si.

Fra Kommunenes Sentralforbund føreligg det normalreglement og ein fyldig rettleiar med kommentarar til kommunane sine bruk av våpen og flagg. I desse er også eventuelt løyve til bruk i kommersielle samanhengar godt omtalt og slik kommersialisering vert sett på som betenkeleg.

Radøy kommunestyre har vedtatt normalreglementet for bruk av kommunevåpenet i møte 7. april 1994 der det heiter i § 2.2 at bruk av våpenet på suvenirar eller andre gjenstandar ikkje er tillatt utan særskilt løyve frå formannskapet.

Vurdering

Kommunevåpenet er eit kjenneteikn og identifikasjonsmerke for Radøy kommune, og rådmannen ser det som uheldig om dette skal utviklast i meir kommersiell retning i privat regi. Kommunen bør framleis ha full styring med bruken av kommunevåpenet slik at ikkje

våpenet sin funksjon som eit særleg kjenneteikn for offentleg mynde vert svekka.

Det vil vere mogleg å lage pathtags og marknadsføre det lokale reiselivet utan at kommunevåpenet er avbilda på mynten.

Konklusjon

Radøy kommune gjev ikkje Barfot Media løyve til å nytta kommunevåpen i produksjon av pathtags.

Formannskapet i Radøy - 013/2015

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen si tilråding.

FS - vedtak:

Barfot Media får ikkje løyve til å nytta Radøy sitt kommunevåpen i produksjon av pathtags.

Vedlegg:

Søknad om bruk av kommunevåpen

Utskrift av møtebok - bruk av kommunevåpenet (L)(92768)